

Prosjektnr. Kulturrådet: 291867

Rapport JERNROSA Politisk Litteraturfestival 2016.

Pilotprosjektet **JERNROSA Politisk Litteraturfestival** vart arrangert for første gong i Odda 29.-30.4.2016. Målsettinga var å arranger ein festival for meiningsberande standpunkt litteratur og å gjera festivalen til ein arena for å synleggjera, fremma og levandegjera ikkje-kommersiell meiningslitteratur av høg kunstnarleg kvalitet. Festivalen ønska vidare å styrka breidda og mangfaldet i norsk litteraturformidling og løfta fram forfattarskap som får liten plass i norsk litterær offentlegheit. Eit vidare siktemål med festivalen var å vera eit alternativ til ein bestseljarorientert og ferskvareorientert litteraturmarknad, og å presentera og samtala om viktige og gode bøker uavhengig av når dei vart publiserte.

I løpet av desse to dagane i april vart det gjennomført 10 arrangement. 7 reint litterære arrangement, eit konsertarrangement og to hovudsakleg litterære arrangement med musikalske innslag. Dei litterære arrangementa var bygd opp som litterære samtaler omkring utvalde tekstar, kopla saman med framføring av tekstdrag. Eitt av dei litterære arrangementa var ei vandring rundt i det nedlagde Odda Smelteverk med historieformidling, *on the site readings* av poesi skriven om det nedlagde verket, samt musikalske innslag.

Under opningsarrangementet fredag 29.4. i Sentralbadet Litteraturhus stod Knut Olav Åmås, direktør i Fritt Ord, for opningstalen og forfattar og festivalleiar Lars Ove Seljestad framførte ein nyskriven prolog for festivalen. Festivalpoetane Aasne Linnestå og Terje Dragseth stod for kunstnarlege innslag. Forfattar Kjartan Fløgstad delte (per videoopptak) ut den aller første JERNROSA Ærespris til forteljaren, lokalhistorikaren, forfattaren, bloggaren og journalisten Jan Gravdal. Det var også musikalske innslag frå festivalmusikarane Odd Erlend Mikkelsen og Margot Helene Rosvold.

Fredagen inneholdt ytterlegare 4 arrangement. Eit foredrag om *Den politiske Kristofer Uppdal* ved forfattar og biograf Arild Bye. Opplesing og samtale om *Feministisk motskrift* ved Aasne Linnestå og Karin Haugen. Ein introduksjon til/presentasjon av den amerikanske rurale kvalitetsforfattaren Chris Offutt ved Leif Østli og Lars Ove Seljestad og festivalkonsert med rockebandet *Juicyfur*.

Laurdagen starta med ei 100 minutter lang historisk-politisk-poetisk-musikalsk vandring på det nedlagde Odda Smelteverk med forfattar og arbeidardiktar Lars Ove Seljestad, museumsmann og fagforeningsleiar Terje Kollbotn og festivalmusikarane Margot-Helene Rosvold og Odd Erlend Mikkelsen.

I Oddasmio, Norges største industrismie, vart *Litteratur som motspråk* diskutert av forfattarane Thure Erik Lund og Terje Dragseth i samtale med Karin Haugen. Karin Haugen var også i samtale med forfattar Cathrine Knudsen om *Dei manuelle*. Forfattar Leif Østli samtalte med Jan Kristoffer Dale om Bruce Springsteens musikalske univers som inspirasjon for skriveprosjektet Halden-trilogien. Festivalens siste arrangement var ein samtale mellom Lars Ove Seljestad, og den nyaste arbeidarforfattaren vår Jan Kristoffer Dale.

JERNROSA Politisk Litteratufestival (JPL) må slik sett seiast å ha innhaldsmessig innfridd målsettingane sine om å fremma ikkje-kommersiell meiningslitteratur av høg kunstnarleg kvalitet og å styrka mangfaldet og breidda i norsk litteraturformidling og løfta fram forfattarskap som får liten plass i norsk litterær offentlegheit.

Eit anna siktemål med JPL har vore å utvikla nye arenaer for litteraturformidling, dette vart i år realisert gjennom å ta i bruk Oddasmio som litterær arena for 3 av arrangementa.

Tilbakemeldingane frå dei medverkande forfattarane har vore unisont positive, både til initiativet JPL, måten festivalen vart arrangert og gjennomført på, samt den utradisjonelle arenaen Oddasmio med fyr i essene samstundes som debatten gjekk om politisk litteratur. Dette var med på å forsterka og skapa ei heilt særeigen stemning under festivalen.

Festivalinitiativet fekk også svært gode tilbakemeldingar frå publikum, både på innhaldet i

festivalen og bruken av smelteverksområdet som arena for litterær formidling. Slik sett, har dette vore ein vellukka festival som har realisert sine målsettingar.

Om ein skal trekka fram noe negativt, så må det vera at festivalen ikkje lukkast fullt ut med å nå fram i media og å nå dei publikumstala som ein hadde håpa på.

I kontakt med riksmedia og regionale media viste det seg vanskeleg å skapa interesse for ein ny litteraturfestival, også om det var ein festival som skilde seg frå andre festivalar i programmering og i form av sitt litterære manifest. Festivalleiinga sine mange og iherdige kontaktar mot riksmedia resulterte til slutt i ein stor tosiders førehandsomtale i Klassekampen, ei side i LO-aktuelt og eit innslag i NRK Kulturnytt. Regionalt vart JPL omtalt med reportasje i NRK Hordaland. Lokalavisa Hardanger Folkeblad og lokalradioen Radio Folgefond gav brei førehandsomtale, intervju og reportasje frå festivalen. LO-aktuelt sende reportar til Odda for å dekka festivalen og laga ein 4-siders reportasje frå den første JPL.

JPL starta både fredag 29.4 og laurdag 30.4 med gratisarrangement som skulle vera opne og inviterande og bidra til å slusa publikum vidare inn i festivalprogrammet. Dette fungerte berre til ei viss grad. Festivalens best besøkte arrangement var opningsarrangementet på fredagen med 80 publikummarar. Gratisarrangementet *Smelteverket rundt på 100 minutt* som opna laurdagsprogrammet vart det tredje best besøkte programmet med 35 publikummarar. Det best besøkte betalingsprogrammet var festivalkonserten med *Juicyfur* og 55 betalande publikummerar. Diverre mista bandet sin vokalist stemma ein god halvtime ut i konserten og vi fann det nødvendig å refundera dei sist kjøpte billettane og sleppa inn resten av publikum som venta på å komma inn utan å krevja billettar av dei. I dei andre betalingsarrangmenta varierte publikum mellom 20 og 25 publikummarar. Det vart seld få enkeltbillettar til desse arrangementa då dei fleste publikummarane her anten hadde kjøpt festivalpass eller hadde frie festivalpass som medverkande forfattarar og frivillige. Det vart totalt seld 8 festivalpass og 93 enkeltbillettar (-5 refusjonar på konserten). Det vart gitt ut 26 gratis festivalpass til medverkande kunstnarar og frivillige medhjelparar. Det totale publikumstalet for festivalen er 310 publikummarar fordelt på 10 arrangement.

I marknadsføringa av festivalen vart det satsa på å utvikla ein profesjonell og velfungerande logo som vil skapa gjenkjenning for framtidige festivalar, ei eiga nettside for festivalen, www.jernrosa.no, som også kan byggast vidare på i framtida. Det vart, med støtte frå Odda Kommune, trykt opp 60 plakatar som blei distribuert/hengt opp i Odda, i biblioteka i Hardanger, samt på Universitetet i Bergen og i Litteraturhuset i Bergen. Det vart også trykt opp 1.000 programflyers som blei distribuert i Odda og omegn. Festivalen nytta, i eit forsøk på å avgrensa utgiftene, ikkje annonsering i aviser/media. I staden satsa ein hardt på informasjonsformidling gjennom sosiale media som Facebook og kommunale, lokale og regionale nettsider. Konklusjonen er vel at den sterke satsinga på sosiale medie og nettbasert informasjon i liten grad nådde fram til den eldre/vaksne delen av publikum.

KOMMENTARAR KNYTT TIL BUDSJETT OG REKNESKAP

Som det framgår av den vedlagte rekneskapen for Jernrosa Politisk Litteraturfestival 2016, er dei endelige kostnadane ved gjennomføring av festivalen betydeleg redusert i høve til opprinneleg budsjett. Årsaka til dette er grunna i følgjande forhold:

1. Eg forstod i løpet av april 2016 at festivalen ikkje kom til verken å få offentlege tilskott i den storleiken som det var søkt om eller billettinntekter på det nivået det opprinneleg var budsjettert med.
2. Eit eventuelt tilskott frå Norsk Kulturråd ville først bli behandla etter at festivalen var arrangert 29.-30.4. 2016.
3. Eg, Lars Ove Seljestad, ville personleg stå økonomisk ansvarleg for eit eventuelt underskott på arrangementet dersom billettinntekter og den omsøkte løvvinga frå Norsk Kulturråd ikkje slo til.
4. Som festivalleiar tok eg difor initiativ for å kutta mest mulig utgifter, utan at dette skulle gå ut over festivalens profil og innhald. Kostbare arrangement som paneldebattar, samt utanlandske forfattarar med store reisekostnadar, vart kutta ut for rimelegare programpostar. Eg forhandla også med Odda Kommune ved Kultursjefen som stilte med gratis PA/Lyd for festivalen, samt gratis trykking av festivalplakatar. Arrangementsstaden Iris Scene ettergav utgifter til lokale, PA og lydmann for festivalkonserten. Eg kutta ut festivalutstilling og utsmykking av festivallokale. Det eg

prioriterte å gjennomføra var dei litterære arrangementa, 9 i talet samt festivalkonserten. Eg prioriterte vidare dekking av Forfattarhonorar (etter Forfattersentrum sine satsar), samt overnatting, reise og matservering (framfor diett) til dei medverkande forfattarane. Utgifter som er knytt direkte til medverkande forfattarar utgjer såleis 67% av totalrekneskapen for festivalen. Andre prioritetar var utarbeiding av ein treffsikker og gjenjenneleg logo for festivalen, samt utarbeiding av plakatar, programflyer og ei eiga nettside for festivalen. Dette også for å legga eit grunnlag for materiale som kan brukast under framtidige festivalars profilingsarbeid. Utgifter til annonsering vart kutta til fordel for aktiv bruk av marknadsføring via sosiale media, eiga nettside, samt omtale via lokale og regionale nettsider.

5. Eg har ikkje tatt inn i denne rekneskapen eigeninnsatsen som er gjort i form av dugnad og ubetalt utviklingsarbeid. Eg har personleg lagt ned over 300 timars arbeid i utvikling, planlegging, gjennomføring, festivalleiing og administrativt arbeid i form av søknadskriving, rapportering, utbetalingar til meverkande kunstnarar etc, samt rekneskapsarbeid. Om vi legg til grunn timesatsen på 500 kr frå det opprinnelege budsjettet ville dette åleine utgjera 150.000 kr i eigeninnsats. I tillegg kjem 10 frivillige som utførte 10 dugnadstimar kvar under sjølve festivalen. Med ein timesats på 200 kr (som brukt i budsjettet) ville dette utgjera 20.000 kr. Det er med andre ord utført dugnad og eigeninnsats på 170.000 kr som ikkje er synleggjort i denne rekneskapen.
6. Eg har valt å betala ut alle utgifter knytt til medverkande forfattarar og gjennomføringa av festivalen før eg betaler ut kostnadane knytt til festivalleiing og administrative kostnader. I det opprinnelege budsjettet er det budsjettert med 30.000 kr til festivalleiing og 20.000 kr til administrative tenester, totalt 50.000 kr. Når alle andre utgifter (utanom desse 2 postane) er dekka, står det igjen 24.479 kr. Eg betaler difor ut 20.000 kr til meg sjølv for festivalleiing og programarbeid, samt 4.479 kr for administrativt arbeid med rapportskriving, rekneskap og søknadar. Rekneskapen balanserer såleis inntekter og utgifter.

KONKLUSJON:

Inntektssida ved ein slik smal litteraturfestival er ei utfordring. Billettinntektene utgjer ca 11,5% av totalrekneskapen. Dette er likevel ikkje eit stort avvik frå andre norske litteraturfestivalar, der eg har fått oppgitt at billettinntekta til vanleg utgjer ca 12% av totalrekneskapen. Utan offentleg støtte frå sentrale aktørar som Norsk Kulturråd og Fritt Ord, samt ein stor, ubetalt, frivillig innsats, vil det, i framtida, ikkje vera mulig å arrangera ein slik smal, kvalitetsorientert festival for meiningsberande politisk litteratur.

Den aller første JERNROSA Politisk Litteraturfestival var ein innhaldsmessig suksess. Både dei medverkande forfattarane og det deltagande publikummet har kome med utallige tilbakemeldingar om at dette er ein type litteraturfestival som har vore sakna og som fyller eit hol i den norske festivalvegen. Likeeins har både publikum og medverkande forfattarar gitt utrykk for at dette er ein festival som litteratur-Norge treng og som må arrangerast fleire gonger. Helst alt til neste år. Nye potensielle nasjonale, regionale og lokale samarbeidspartnarar har også signalisert interesse for å vera med og bidra til realiseringa av neste års JERNROSA Politisk Litteraturfestival.

All begynnelse er vanskeleg, seier eit tysk ordtak. Med denne første pilotfestivalen har vi vist kva vi meiner med JERNROSA Politisk Litteraturfestival. Vi har realisert ein konkret utopi og vist at det er mulig å få det til. Vi tar med oss dei erfaringane vi har gjort frå årets pilotfestival, og knytter til oss nye samarbeidspartnarar i trua på at det blir lettare å nå fram med bodskapen vår overfor media og publikum når JERNROSA Politisk Litteraturfestival skal arrangerast på ny våren 2017.

Eiksmarka den 11. november 2016

Lars Ove Seljestad

Festivalleiar